



elevorganisasjonen
elevbevegelsen 100 år

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Dato 10.10.2018
Frå Emelie Kjærnli Kristiansen, sentralstyremedlem i Elevorganisasjonen

Søknad om auka driftstønad for 2019/2020

Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane ynskjer med dette å søke driftsstønad frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune på 120 000kr for perioden 2019/2020.

Bakgrunn for saka

Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane har slite med stram økonomi i fleire år no. Skular rundt om i fylket må dekke reisa til arrangementer sjølv, og det er så vidt fylkeslaget får til å opprethalde medlemstilboda med støtta dei får i dag. Av alle Elevorganisasjonens fylkeslag er Sogn og Fjordane fylkeslaget som får minst i driftstønad, med unntak av Vestfold. Til samanlikning får Nordland og Hordalands fylkeslag omkring 160 000kr i driftstøtte kvart år frå Fylkeskommunen, og Trøndelags fylkeslag får omkring 320 000kr. Derfor vil vi no foreslå å auke driftstønaden frå 40 000kr til 120 000kr.

Det kan verke som ei stor auking, men som ein kan sjå i det vedlagte budsjettet trengs pengane for å få året til å gå rundt. Pengane som blir satt av til fylkeslaget vil gå direkte tilbake til elevane i fylket, som medlemstilbod. Framfor at skulane sjølv må dekke reise og opphald, som er heilt motsatt av Elevorganisasjonens prinsipp om at det skal vere gratis å engasjere seg, kan pengane frå fylkeslaget gå til å dekke dette, og skulane i fylket kan bruke meir pengar på seg sjølv og si eige skolekvardag. Pengane vil også gå til å styrke elevråd og elevdemokrati i fylket, og gi fordelar og medlemstilbod til dei skulane som har meldt seg inn i organisasjonen. Pengane vil gå direkte til utdannings- og elevretta tilbod.

Vi kan sjå i budsjettet at instansar som Ungdomspolitisk utval får 177 000kr kvart år, så det er jo tydeleg at Fylkeskommunen ynskjer å satse på unge. Vi håper at dykk vil fortsette med dette, gjennom å auke post 5902 «Tilskot til elevorganisasjoner» under kap. 7 – Opplæring i Sogn og Fjordane Fylkeskommunes budsjett.

Kontaktinformasjon

Mailadresse: emelie@elev.no
Tlf.nr.: 46 94 12 85

Vedlegg

1. Forslag til budsjett for Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane for 2019/2020.

Med vennlig hilsen
Emelie Kjærnli Kristiansen
Sentralstyremedlem

Med vennlig hilsen
Pernille Nedrebø
Leiar, EO Sogn og Fjordane